

Arbeidslivet i heimen.

Arbeidslivet i heimen både utandørs og innandørs skifta etter årstidene. Om våren hadde karane det travelt med våronnarbeid ute på jorda. Dei sloga gjødsla som dei hadde køyrd ut om hausten. Dei harva åkrane og køyrde bort stein, og her var borna ofte med i steinplukkinga. Når smågutane var så pass store at dei kunne køyre med hesten, kjende dei seg høge i hatten, og likte å vere med i arbeidet. På den måten lærde dei arbeidet på garden og kunne overta som vaksne.

Når åkeren var ferdig og veret lagleg, sådde dei byggkornet og harva det ned og rulla åkeren. Det hende at dei sådde midt i mai eller litt seinare, ettersom våren kom seint eller tidleg. Potetene sette ein sist i mai eller først i juni. Somme grov potetvegar med grev, men dei som hadde hest køyrde potetvege med hestehakke. Både barn og vaksne var med i potetsettinga. Borna var flinke til å setje, men dei måtte ha rettleiing om kor stor avstand det skulle vere mellom kvar potet. Dei vaksne hakka over på dei gardane der dei ikkje hadde hest og hestehakke. På Leiknes-gardane tok dei til med traktordrift i midten av 1950-åra.

Når skogen hadde fått lauv, og sevja var komen mellom borken og veden, var det tid til å gå til skogs og løype ved. Då var dei vaksne karane og gutar og gjenter som var så store at dei kunne gjere nytte for seg, med i arbeidet. Ein flekte never og bark av trea så høgt ein nådde. Etterpå saga ein treet ned og løypa never og bark av så langt det var råd. Dei nevrene som var store og heile, skulle brukes til å tekke hustak med. Denne nevra kalla ein tekkingsnever, og den la vi i stablar med stokkar eller stein over, så nevra ikkje skulle slå krøll på seg. Smånevra og never med hol i, tredde ein opp på treteinar. Det kunne vere ein bjørkestaur ca. 1 m lang med ein liten greinstubb i nedre enden. Han far smidde stauren spiss i øvre enden, og så blei det smågutane og småjentene sitt arbeid å tre nevra på desse neverteinane. Denne nevra kalla ein tendingsnever, og ein brukte å tende i omnen med den.

Når ein var på vedhogst om sommaren, hadde ein kaffikjel og mat med, og det smakte godt med mat og kaffi i fjell-lufta. Når ein gjekk ned om kvelden, hadde ein ofte barkebøra på ryggen, og det var ikkje så lett når vegen var lang.

Barken tørka vi i sola. Etterpå slo vi han i små stykkjer og hadde han i sekker. Far selde ofte bark til notmennene i Trollvika. Dei brukte bjørkebark til å barke nøtene med. Men far brukte og bark til å barke garn og liner, og han barka huder og skinn til eige bruk.

Om våren strekte dei ein streng over Storelva og hengde huder og skinn på den. Når skinna hadde hange i elva 2-3 veker, gjekk hår og ull lett av. Ein la skinna over ein furubak som ein la opp i høveleg arbeidshøg, eller reiste furubaken på skrå mot ein husvegg. Ein skrapa håra av skinna med ei skavkniv som var laga til det bruket, men mange brukte ein gamal ljå til å skave med. Ein grov og kjøttrestar fra innsida av skinnet med same ljåen. Når det var gjort, kokte ein bark og sette skinna i bark i ei tynne eller ein fustasje som var noko større. Når skinna hadde lege lenge nok i barken, tok ein dei opp og spilte dei på ein uthusvegg til det var tørre. Så tok ein de ned og rulla dei i hop og gøymde dei til ut på hausten, når det var slutt på utearbeidet. Då sydde dei nye komagar og vølte gamle sko og komagar om kveldane.

I sankthanstida dreiv dei også med torving på somme gardar. Dei vaksne karane stakk og trilla ut torvelumpane, og kvinner på kant mot einannan til tørk. Etter ei tid, måtte det som vendte ned snues opp, og når torveskivene var tørre, la ein dei saman i høge rauker. Dei som tok torv på fjellmyrene, hadde gjerne ein skjå som dei tok den tørre torva inn i. Dei køyrde då torva heim på vinterføret.

Like før slåttonna tok dei til å stelle rivene og ljåane istand. Det var kanskje eit ljåorv som var avbroten, så ein måtte lage eit nytt. Ljåorv laga han far alltid av tørr older, for olderorva var så lette å slå med. Rivetinnar smidde dei av hegg, for dei meinte den var sterkast til tinnar. Det var sjeldan dei kjøpte ferdige river i den tida eg voks opp. Han far kjøpte heller eit høveleg tjukt bord som var fire-fem tommar breit, så han fekk fleire riveskaft av det. Rivehovuda hadde han leita emne til når vi saga ved i skjåen om vinteren. Å arbeide rivehovud og økseskaft arbeidde vi av tørr bjørk. Vi gutane fekk og prøve oss med å lage økseskaft og rivehovud, men eg vil ikkje seie at første arbeidsstykket blei utstillingsvare.

I midten av juli tok ein til med slåttonna, og den varte 4-5 veker, for han far hadde mykje slåttemark og 2 skogteigar som vi og brukte å slå. Ein slo for det meste med ljåen, og ein hadde ikkje smergelbryner, så difor måtte kvar mann ha 2 ljåar for å halde det gåande til middag. Det blei difor mykje sliping, og vi gutana blei luta lei av å drage slipsteinen. Men i 1920-åra tok ein til å bruke smergelbryner, og då blei det mindre sliping, og kvar mann

greidde seg med same ljàen i dagevis utan å slipe. Der marka var plogd og slett, slo ein med slåmaskin. Slåmaskinen hadde han far kjøpt frå Landbruk Maskin aksjeselskap i Trondheim. Han kjøpte denne slåmaskinen i 1906 eller 1907. Det var den første slåmaskinen som var i bruk på Leiknes. Nokre år seinare kjøpte far ei hjulrive. Med den raka vi tørrhøyet saman med hestane. Vi raka og gras til hesjene med den riva, men ho var ikkje så god til det arbeidet som den sleperiva som kom i bruk seinare.l

Sist i august blei byggkornet moge og då tok ein til med skurdonna. Dei skar kornet med sigd og batt det saman med ein bindel, som ein laga av kornhalmen. Det var ungene som laga bindlar. Ein tok ein bundt halm i handa og ordna aksa jamnhøgt, så vreid ein halmen og snudde aksa så dei blei opp. Deretter delte ein halvparten av halmen til kvar side, så la ein korn i bindelen og batt bindelen saman. Ein hesja kornet eller satte det på staur, og når det blei tørt, tok ein det inn på låven. Kornet treskja ein på låven med ei sloge. Den hadde eit skaft så langt som eit riveskaft. I nedre enden var det eit spor der eit tau svinga rundt med ei klubbe i enden. Ein la kornbanda i ei flod på låvegolviet med aksa inn mot kvarandre. Så banka ein kornet av halmen med sloge. Var ein to mann, måtte ein slå i takt slik at den eine klubba var i lufta medan den andre slo på kornet. I Trollvika hadde nokre gardbrukarar kjøpt ein treskemaskin i lag, dette var vel i 1920-åra. Då kunne ein leige treskemaskin, og då gjekk treskinga fortare, men ein måtte vere godt skipa. Det trongs 3-4 menn til å drage maskinen. Ein mata maskinen, og smågutane kasta kornband fram til maskinen, ein mann rista halmen og kasta den ned i høylåven. Kastinga kunne gjerast for hand med vanleg breispade, men far og Ludvik Hansen Leiknes hadde ein kastemaskin i lag. Den skilde agnene fra og sorterte

Det mogne kornet kom ut bak maskinen, og lettekornet kom midt under maskinen. Snarp og agner blei sendt av luftstraumen fra eit viftehul og datt ned framfor maskinen. Dette arbeidet gjekk oftast fore sig på førjulsvinteren eller først i januar, før karane tok til å ordne seg til Lofottur.

Om hausten i august og september plukka både born og vaksne bær i skog og mark, og i september leita dei også sauane ned frå fjellet. Det var gjerne ungdomen sitt arbeid, for sauene var ikkje lett å hanskast med etter at dei hadde gått i fjellet hele sommaren.

I 1920-åra og utover før andre verdskrigen dreiv dei mykje med nydyrking på Leiknesgardane. Ein fekk tilskot til nydyrkinga, når agranomen hadde planlagt og kostnadsberegna feltet. Agranomen skulle også godkjenne arbeidet.

Under pløyinga brukte ein 2-3 hestar, og grannane slo seg då i lag og pløgde eit par dagar hos kvar. Dette arbeidsbyttet var ei god råd til å få arbeidet utført, for dei hadde ikkje så mykje pengar å leiga for. I 1950-åra tok gårdbrukarane på Leiknes til å skilje seg med hestane og kjøpe traktor i staden og no for tida (1981) finst det ikkje ein hest på Leiknes.

I oktober tok ein inn dei sauene ein skulle slakte. Min foreldregenerasjon passa alltid på å slakte i veksa månad. Dei meinte kjøttet blei betre og drygare då. Det er vel ein påstand som korkje let seg prøve eller motprøve, men slik var det, og er det delvis endå.

I slaktetida kokte dei pølse og steikte blodkaker. Dei gjorde rein nettmagen, bladmagen og tjukkarmen av sauene og nytta det til å koke pølse i, men i 1930-åra etter at vår generasjon overtok, har ein gått over til å koke pølse i pølsepapir, men under siste verskrigen kokte ein pølse på den gamle måten. Då var det ikkje så lett å få tak i pølsepapir.

Talgen brukte dei i panna når dei steikte sidekjøtt. Dei smurde og vaffeljernet med talg. Talg kokte dei såpe av også. Såpekoking dreiv dei med på dei fleste gardane her på Leiknes både under første og andre verdskrigen, men etter siste krigen er det nok ingen som koker såpe sjølv.

Ut på haustparten kom rokken og kardene inn i stua. Først reiv ein ulla opp med storkardene eller benkekardene som dei kalla dei. Med desse benkekardene karda ein ulla opp i breie tappar som var like lange som breidda på kardene. Av desse ulltappane karda ein då tuller med småkardene. Etter tullane var ferdige la ein dei i tullkorga som ho mor hadde ståande attmed seg når ho spann. Det var kona i huset eller ei av dei vaksne døtrene som spann. Smågjentene karda tuller, men dei fekk og lære seg til å spinne.

Det måtte vaksne folk til å karde med benkekardene, for det var ikkje lett arbeid, og ofte tok ein vaksen kar seg ein tørn på kardestolen og reiv opp ull. Heile familien fekk ofte litt å gjøre med tilverkinga av ulla. Når dei hadde spunne to sneller fulle, sette dei snellene i snelletreet og tok til å tvinne garnet, dersom dei skulle ha tjukkare garn t.d. til sjøvottar og leister. Etter

tvinninga sette dei snellene i snelletreet att, og no fekk ein av småkarane jobben med å veive garnet opp på hespetreet. Ein måtte då passe på at det ikkje blei rennhest som dei sa dersom garnet kom utanfor ein av armane på hespetreet. Etterpå knytt ein føre hespa og hengde ho bort.

Skulle ein bitte votter eller leister av garnet, måtte ein nøste garnet opp. Då sette ein eit trekors oppe på hespetreet. Det var felt i hop som ein juletre fot, men fellinga var så rom at det var lett å ta det fra ein annan. Korset hadde eit hol i sentrum av fellinga, og på kvar arm var det eit par hol som ein kunne sette trepinnar i. Korset smetta ein då ned på ein rund tapp på toppen av hespetreet. Så la ein hespa rundt dei før nemnde pinnane, og tok til å nøste. Hesperekorset gjekk rundt etter kvart som ein nøsta. Hadde ein ikkje hespetre kunne ein leggje hespa rundt eit par stolrygger som stod mot kvarandre, eller ein av ungane kunne halde hespa medan ein nøsta.

Dei spann tjukt garn til sjøvottar og leister, men til vanlege hoser spann dei tynnare garn. Til sjøvottar og leister brukte ein tjukke bundingstikker som ofte var laga av tre. Når ein skulle veve ty til skjorter og andre underklær, nytta ein tynt enkelgarn til innslag i veven. Dette garnet kalla ein iber.

Før vottar og leistar kunne takast i bruk, måtte dei ha ein omgang på tøvfjøla. Det var ei tjukk, brei fjøl som ein hadde skore ut rifter i så ho såg ut som eit vaskebrett på den eine sida. Ein bløyte vottane i varmt vatn og gnikka dei mellom hendene på denne tøvfjøla. Då kraup garnet i hop så vottane blei tette, gode og varme å ha på hendene.

Før Lofotfolket for, var det ei travel tid. Kvinnene skulle ha hoser, leister og sjøvottar ferdige, og stomp, lefse og møljebrød måtte bakest og legges ned i kistene før dei for. Karane køyrde heim ved og dreiv og saga og kløyvde ved i vedskjåen. Det gjaldt å ha veden oppkløyvd før dei for. Kvinnene fekk nok å gjøre likevel når karane var reist. Om kveldane filte dei lineonglar og sette inn ny forsynd der den gamle var ubrukande. Ofte laga ein forsynd sjølv med ei forsyndgogn ein kalla. Forsyndgogna var laga av ein liten boksende som var ca. 2 tommar tjukk og 2 tommar brei. Han hadde ein tapp i eine enden og var uthula på den eine sida. I denne uthulinga stod tre små sneller av tre med eit snørespor på midten. Tvers gjennom desse tresnellene gjekk ein tynn jerntein som var bøygd til ein krok på undersida. På to av desse krokane festa ein forsyndtråden. I trådbukta hengde ein eit lite lodd med ein krok. Eit

lite tresverd med ein krok i enden var smetta inn på ein krok på veggen t.d. Sverdet la ein med spissen over loddet mellom forsyndtrådane. Når ein drog i snora gjekk snellene rundt og såleis blei forsynda snura. Sverdet fylgde då med snuren opp og sørge for at snuren blei jamn. Så tok ein loddet av og knytte føre forsynda i øvre enden. Så la ein ny tråd på og satt i gang på nytt. Då eg var gutunge, laga eg forsynd til han far når han stelte lina.

Først når karane var reist til Lofoten kom veven inn i stua. Det kunne vere ty eller matter som skulle veves. Ein rente veven med ein rennstol og brukte bomullgarn. Bomullgarnet måtte ein kabbe opp på 4 kabbar før ein tok til med renninga. I kryssa på kabbane var det eit hol, gjennom desse hola stakk ein ei treaksling med ei veiv på. Så sette ein kabben og akslingen i eit stativ som ein kalla kabbetret. Så la ein bomullgarnhespa på hespetreet og kabba garnet inn på kabbane.

Når ein hadde sett veven opp og gjort klart til veving, måtte ein spøle ullgarnet i spølar til å setje i skytten når ein skulle veve ty. Til spølinga brukte vi ein liten spølemaskin som ein skruvde fast på bordplata med ei skruklemme som var på undersida av maskinen. Ein tulla litt papir rund akslingen, som gjekk rundt når ein veivde drivhjulet rundt. Garnet spølte ein då på dette papiret, og når spolen var passeleg stor, tok ein han av og byrja på ein ny. Det var borna sin jobb å spøle opp ullgarnet. Første dagen var det gjerne strid om kem som skulle få prøve først, etter som dagane gjekk, blei ungane leie av spølinga og var glade når dei var ferdige med vevinga. Før tyet blei tatt i bruk, måtte ein stampe det. Stampa var laga av tjukke bord. Ho var ca. 1 m brei og 2 m lang. Stampa hadde 2 flak med utskorne rifter som på ei tøvfjøl, og flaka låg med riftene mot kvarandre. Før stampinga tok til måtte ein varme vatn i fjøsgryta og bløyte tyet godt. På Leiknes var det ei stampe hos Kristian Mathiassen og ei hos Johan Jakobsen.

Det er no heilt slutt med å veve ty her i bygda, og etter andre verdskrigen er det berre matter folk vev av og til, og det ser ut til å bli sjeldnare det og, men vevar, kabbar og rennstolar og andre slike reidskapar finns nok endå rundt om på gardane.

Leiknes den 27. mai 1981.

Kåre Leiknes sen. Tidl. Rektor f. 20/4 1910, 9300 Finnsnes.